

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams
Dato: 10. november 2025
Klokkeslett: 09.00-11.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 3. november 2025

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 58/25 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 59/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025	2
Sak 60/25 Orientering om forslag til statsbudsjett.....	2
Sak 61/25 Økonomirapportering per 2. tertial	2
Sak 62/25 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv	2
Sak 63/25 Forslag til prinsipp for prioritering mellom prosjekt (post 30-66 midlar)	3
Sak 64/25 Eventuelt, byvekstavtalen	4
Saksliste bypakke Bergen	4
Sak 65/24 Orientering om tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen	4
Sak 66/24 Eventuelt, bypakke Bergen.....	4

Saksliste byvekstavtalen

Sak 58/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 59/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 60/25 Orientering om forslag til statsbudsjett

Sekretariatet sendte 15. oktober 2025 ut informasjon til partane om forslag til statsbudsjett for 2026. Statsbudsjettet skal til endeleg vedtak i Stortinget i desember, og det kan skje endringar før vedtak. I vedlegg 2 oppsummerer sekretariatet omtale og prioriteringar frå budsjettforslaget som påverkar Miljøløftet. I saka gjer vi greie for fordeling av belønningssmidlar mellom Skyss og kommunane. Forslaget blir sett mot vedteke handlingsprogram 2026-2029, år 2026.

Sjå vedlegg 2

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 61/25 Økonomirapportering per 2. tertial

Sjå vedlegg 3

Økonomirapport frå 2. tertial er klar. Resultata blir presenterte i møtet. Prosjekta i byvekstavtalen har ei samla løyving på 1,2 mrd. i 2025, med ein årsprognose på 1,3 mrd. ved 2. tertial. Dette tyder at ein del av etterslepet frå tidlegare er planlagt teke igjen i år. Det er eit venta mindreforbruk på om lag 220 millionar, og det er rapportert om følgjande årsaker til dette:

- Forseinkingar i prosjektgjennomføring
- Manglande statleg finansiering
- Planlagt mindreforbruk

Det er ønskeleg at partane er budd på å kommentere eigne tal i hovudtabellen i tertialrapporten (Tabell 1).

Prioriteringsrådet handsama økonomirapporteringa i sitt møte 10. oktober 2025 og konkluderte med følgjande:

Prioriteringsrådet ser at resultata er betra samanlikna med tidlegare. Prioriteringsrådet registrerer samtidig at prosjekt i Øygarden og Alver får forseinka oppstart i påvente av statleg finansiering. Prioriteringsrådet viser til at avviket knytt til Drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss) og Post 66: Betre kollektivtilbod er i samsvar med tidlegare vedtak i styringsgruppa.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa ser at resultata er betra samanlikna med tidlegare og tek elles saka til orientering.

Sak 62/25 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv

Denne saka samlar oppdaterte tal på bil- og kollektivtrafikk i avtaleområdet. Ei samla sak gjer det mogleg å sjå tala i samanheng.

Statens vegvesen vil presentere nye tal frå byindeksen i møtet og Skyss og Jernbanedirektoratet vil orientere om nye passasjertal for buss, båt, bybane og tog.

Byindeksen, som blir estimert ut frå definerte trafikkregistreringspunkt (trafikkteljingar), er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet. Byindeksen blir publisert fortløpande på nettsidene til SVV her: [Trafikkutvikling | Statens vegvesen](#).

Nøkkeltala blei også presenterte for prioriteringsrådet 13. oktober 2025. Oppsummert blei følgjande presentert:

- Bergen (og Oslo) ligg best an i høve til nullvekstmålet av dei fire store byområda. Rapport frå august 2025 viser samtidig at den treårige glidande indeksen for første gong er over null. Det er derfor første gong der blir lagt fram ein byindeks som viser at nullvekstmålet ikkje blir nådd.
- Tal frå Skyss indikerer at passasjertala stabiliserer seg på eit nivå litt under det vi hadde før pandemien. Vedlikehald og stengingar har påverka tala negativt, men det har elles har vore ei god utvikling i passasjertala for september
- Tala viser ein samla auke i passasjertala for Vossabanen og Arnalokalen i høve til 2024, med spesielt gode tal for Arna lokal.

Saka bør sjåast i samanheng med sak 65/25 i dette møtet, som omhandlar trafikk og inntekt gjennom bomstasjonane i Bergen.

Prioriteringsrådet tok informasjon om reisetala til orientering, medan dei konkluderte følgjande i orienteringssak om status for byindeksen:

Prioriteringsrådet konstaterer at det er første gong rapporteringa viser at nullvekstmålet ikkje er nådd. Prioriteringsrådet tek elles saka til orientering.

Med utgangspunkt i denne konklusjonen foreslår sekretariatet følgjande vedtaksformulering for styringsgruppa:

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa konstaterer at det er første gong rapporteringa viser at nullvekstmålet ikkje er nådd. Styringsgruppa tek elles informasjonen om nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv til orientering.*

Sak 63/25 Forslag til prinsipp for prioritering mellom prosjekt (post 30-66 midlar)

Sjå vedlegg 4

Ved kvar rullering av handlingsprogrammet blir prosjekt med post 30-finansiering i første år brukt som innspel til statsbudsjettet. Tidlegare har Statens vegvesen gjort ei prioritering mellom prosjekta som blir spelt inn til statsbudsjettet, men det har vore eit ønske frå partane at denne prioriteringa blir gjort av Miljøløftet. Sekretariatet har formulert nokre kriterium som kan liggje til grunn for ei slik prioritering og som blir lagt fram for styringsgruppa for vedtak. Vedlegg 4 gir nærmare omtale av prosess og kriterium.

Forslag til vedtak: *Følgjande kriterium skal nyttast når sekretariatet skal utarbeide forslag til prioritering mellom modne prosjekt:*

1. Grad av måloppnåing
2. Grad av modenheit
3. Tidlegare tildelingar per kommune

Partane vil kunne endre sekretariatet sitt forslag i samband med handsaming av handlingsprogrammet.

Sak 64/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 65/24 Orientering om tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen

I denne saka vil Vestland fylkeskommune presenterte tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen. Tal til og med september 2025 viser ein jamn auke i trafikkvolum gjennom 2025 i høve til 2024, samtidig som gjennomsnittsinntekt går ned grunna høgare elbilandel. Veksten i nullutsleppskøyretøy held fram, men er for 2025 litt lågare enn i prognosen frå NTP.

Då prioriteringsrådet handsama saka i sitt møte 13. oktober 2025, konkluderte dei med følgjande:

Prioriteringsrådet konstaterer at det er vekst i trafikk, men fall i inntekt og ser med bekymring på utviklinga.

Med utgangspunkt i denne konklusjonen foreslår sekretariatet følgjande vedtaksformulering for styringsgruppa:

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa konstaterer at det er vekst i trafikk, men fall i inntekt og ser med bekymring på utviklinga.*

Sak 66/24 Eventuelt, bypakke Bergen